INFORMASJON TIL ELEVAR OG FORELDRE:

DANS:
For dei yngste elevane vil vi tilby songleikar, regler og enkle dansar, folkedans. Undervisninga vil truleg gå føre seg i barnehage-/sfo-tid, og varer i 30/45 minutt. . Tilbodet vil gjelde for aldersgruppa 4 år-4.klasse, og vere opent også for dei som ikkje går i barnehage/sfo.. **Eiga utlysing i august 2013.**
I tillegg vil det kome tilbod om helgekurs i dans i løpet av skuleåret.

BAND:
Band er for deg som har spelt ei stund. Du må altså vere litt erfaren på ditt instrument, og kunne noter/besifring. Du som søkjer på dette tilbodet, må også søkje om instrumentalopplæring på ditt bandinstrument. Når du speler i band må du rekne med å opptre på kulturskulen sine konsertar og UKM.
Det er 45 minutt undervisning pr veke.

KUNST:
Valle kulturskule ønskjer å tilby opplæring innafor teikning/måling. Dette vil eventuelt bli i form av tidsavgrensa kurs, og lyst ut/annonsert etter kvart som vi veit kva vi kan tilby.

KORLEIS SØKJE?
Vi oppmodar alle om å søkje elektronisk. Dette gjer du ved å gå inn på www.valle.kommune.no. Der klikkar du på "Skjema", og så går du vidare ved å velje "Idrett, kultur og fritid" i menyen til venstre. Der finn du både elektronisk og vanleg søknadsskjema.
Prisar og reglar for kulturskulen: sjå neste side.

Ved etterspørsel etter andre instrument enn det vi allereie tilbyr, gjer vi vårt beste for å skaffe lærar.
Dersom du har spørsmål eller tilbakemeldingar, kan du kontakte leiar for kulturskulen, Torunn Charlotte N. Lund, på torunn.charlotte.lund@valle.kommune.no, tlf. 379 37 500 / 970 61 587.

REGLAR OG RETNINGSLINJER:

- Eleven får melding om tilbod om plass før skulestart.
- Kulturskuleåret følgjer i prinsippet skuleruta, og skulen sine feriar og fridagar.
- Enkelte typar undervisning kan bli periodesert, etter avtale. Noko tid blir også bli sett av til samspel og prosjekt. I nokre tilfelle vil undervisninga kunne gå føre seg i små grupper, etter avtale med den enkelte elev. Ein del nybyrjaropplæring vil også kunne bli gitt i grupper.
- **Det er pliktig oppmøte. Fråvær skal varslast.** Kontinuitet er nødvendig for å få god kontakt mellom elev og lærar, og god fagleg utvikling. Kulturskulen er dessutan ein arbeidsplass, og lærarane førebur kvar einaste time, kvar veke, gjennom heile skuleåret. Ein ønskjer derfor å understreke at fråvær skal varslast. Ugrunna fråvær kan føre til at eleven mistar plassen.
- Plassen gjeld for eitt skuleår, men kan, i særlege tilfelle, seiast opp i løpet av året. Oppseiing skal skje skriftleg til leiar for kulturskulen eller til post@valle.kommune.no. Ved påbegynt semester må ein rekne med å betale full semesteravgift.
- Det er 50 % søskenrabatt (gjeld ikkje dans, band og anna gruppeundervisning). Ved fleire enn eitt instrument betaler ein full avgift for kvart instrument.
- Under arrangement i regi av kulturskulen tek vi ofte bilete/film til ulike føremål (avis, heimeside m.m.). Vi bed foreldra varsle dersom dei ikkje vil at barnet deira skal takast bilete av.
- Kulturskulen er ein ressurs i lokalsamfunnet. Vi arrangerer eigne konsertar og Ungdommens kulturmønstring, og tek i tillegg på oss eksterne oppdrag.
- Semesteravgift Valle kulturskule skuleåret 2013/2014:
  Barn: kr 700, vaksne: kr 1200
  Band og grupper: kr 250
  Kor (vaksne): kr 700

Kulturskulen er eit viktig tenestetilbod for unge innbyggjarar i Valle kommune. Lærarane sitt fokus er opplæring tilpassa den enkelte elev, speleglede og trivsel. Vi legg stor vekt på samspel.
Det er viktig at eleven både øver og møter til timar, og at foreldra støttar opp om kulturskulen sine aktivitetar. Valle kulturskule ønskjer å ha eit godt samarbeid mellom lærar, elev og foreldre, og set pris på innspel frå foreldra.

Vi som jobbar i kulturskulen i Valle:

Anna van Driel: Song, gitar, piano, diverse nybyrjargrupper, fiolin, band, kor

Kasim Abbasi: Gitar, bass, band

Kirsten Bråten Berg: Dans og kveding

(Foto: Erik Holand)

Kjetil Carolis Jore:
Trommer/slagverk, lys– og lydteknikk



Jamie Lodberg: Hardingfele

I tillegg leiger vi inn lærarar/instruktørar etter behov og ønskje.

Leiar: Torunn Charlotte N. Lund, Leiar kultur og fritid
torunn.charlotte.lund@valle.kommune.no - tlf. 970 61 587

Valle kulturskule er på Facebook

VALLE KOMMUNE
Gjestfri for nye tankar

VALLE KULTURSKULE

SKULEÅRET 2013/2014 TILBYR VALLE KULTURSKULE OPPLÆRING I :

Søknads-frist: 17.mai!

- ♬ **Piano**
- ♬ **Song**
- ♬ **Gitar - klassisk og elektrisk**
- ♬ **Bassgitar**
- ♬ **Ukulele**
- ♬ **Trommer/slagverk**
- ♬ **Fiolin**
- ♬ **Hardingfele**
- ♬ **Kveding - gruppe**
- ♬ **Munnharpe - gruppe**
- ♬ **Band – for vidarekomne på gitar, bass, piano, slagverk, song**
- ♬ **Lys- og lydteknikk - for vidarekomne, gruppe**
- ♬ **Dans - leikarring/dansering i barnehage-/skule-/sfotid – eiga utlysing i august**
- ♬ **Kor – Vaksenkoret Syngjandi - eige inntak**

♬ **Andre instrument etter ønskje, dersom vi kan skaffe lærarar**